

## **VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I BREMANGER KOMMUNE**

Alle barnehagar skal i medhald av barnehagelova ha vedtekter. Det er barnehageeigar som fastset vedtekene, og desse skal ha opplysningar som er relevante for foreldra sitt tilhøve til barnehagen (jf. barnehagelova § 7)

### **Kapittel 1. Drift, eigartilhøve og verkeområde**

- § 1-1 Bremanger kommune eig og driv barnehagane. Barnehagane skal drivast i samsvar med Barnehagelova, Lov av 17.06.05 nr. 64: Lov om barnehager, sine føresegner og retningslinjer frå Kunnskapsdepartementet og i tråd med kommunale vedtak, samt plan for den einskilde barnehage.
- § 1-2 Barnehagen ligg administrativt under kommunedirektøren ved kommunalsjef for oppvekst. Myndet er delegert vidare til driftssjefen for barnehagen.
- § 1-3 Verkeområdet er alle barnehagane i Bremanger kommune.

### **Kapittel 2. Føremål**

- § 2-1 Barnehagen sitt innhald skal vere allsidig, variert og tilpassa einskildbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalte skaparglede, undring og utforskartrong. Arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk skal sjåast i samanheng og saman bidra til barn si allsidige utvikling. Barnehagen skal vere ein kulturarena der barna er medskaparar av eigen kultur i ei atmosfære prega av humor og glede.

Det fysiske miljøet i barnehagen skal vere trygt og utfordrande og gje barna allsidige rørsle-erfaringar. Personalet skal utforme det fysiske miljøet slik at alle barn får høve til å delta aktivt i lek og andre aktivitetar, og slik at leikar og materiell er tilgjengelege for barna (rammeplanen kap. 3).

Lov og rammeplan gjev forpliktande mål som barnehagen skal arbeide i samsvar med. Barna og deira føresette har rett til å forvente at barnehagen arbeider i samsvar med dei måla som er settet.

### **Kapittel 3. Innhold**

- § 3-1 Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Departementet har fastsett rammeplanen for barnehagen. Rammeplanen gjev retningslinjer for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. Eigaren av barnehagen kan tilpasse rammeplanen til lokale tilhøve. Samarbeidsutvalet for kvar barnehage skal fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda (Jf. barnehagelova § 2).
- § 3-2 Rammeplan for barnehagen gjev forpliktande mål som barnehagen skal arbeide i retning av, krav til kvalitet i det sosiale samspelet i kvardagen og sju fagområde som alle barnehagar skal arbeide med i løpet av barnehageåret. Barna og deira føresette har rett til å forvente at alle barnehagar arbeider i samsvar med dei måla som er settet.

# **GENERELLE VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I BREMANGER KOMMUNE**

## **Vedtekne i Bremanger kommunestyre 22.06.2023**

---

### **Kapittel 4. Barn og foreldre sin medverknad**

#### **§4-1 Barn sin medverknad**

Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gje uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege verksemd, (jf. barnehagelova § 1 og § 3, Grunnlova § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1). Barna skal jamleg få høve til aktiv deltaking i planlegginga og vurderinga av barnehagen si verksemd. Alle barn skal få erfare å få innverknad på det som skjer i barnehagen.

#### **§ 4-2 Samarbeid mellom heimen og barnehagen**

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, (jf. bhg.lova § 1).

At foreldre og tilsette i barnehagen snakkar saman og har tillit til kvarandre er heilt avgjerande for at barna skal trivast. Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeide nært og i forståing med foreldra, (jf. barnehagelova § 1 og § 4). Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnet sitt beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

I følgje Lov om barnehagar § 4 skal alle barnehagar i Noreg ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Begge skal bidra til godt samarbeid mellom foreldre og tilsette i barnehagen.

Foreldrerådet er samansett av alle foreldra i barnehagen. Det skal veljast leiar og nestleiar i foreldrerådet. Desse er automatisk med i samarbeidsutvalet, og leiar er automatisk med i Det kommunale foreldrearbeidsutvalet, kommunalt FAU (sjå under).

Bremanger kommune har også felles foreldrearbeidsutval (FAU) for skule og barnehage. FAU skal fungere som eit bindeledd til dei tilsette og jobbe for eit godt skule- og barnehagemiljø på vegner av foreldrerådet.

Kommunen har felles samarbeidsutval (SU) for oppvekstsentera. Samansetnaden til samarbeidsutvala følgjer av opplæringslova § 11-1: To representantar for elevane, ein for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette i skulen, to for dei tilsette i barnehagen, to for foreldrerådet i skulen og to for foreldrerådet i barnehagen. Driftssjef har møte, tale og framleggsrett. Eigaren av barnehagen har ein representant i samarbeidsutvalet.

Kommunalt foreldrearbeidsutval (KFU) er eit samordna og koordinerande organ for alle FAUa ved oppvekstsentera. KFU er samansett av to representantar frå kvart oppvekstsenter.

### **Kapittel 5. Barnehageåret**

#### **§ 5-1 Barnehageåret varer f.o.m. 15.08. t.o.m. 14.08. Opningstidene kan variere mellom dei ulike barnehagane. Sommartilbodet i barnehagane skal leggast til rette ved at barnehagane samarbeider. Barnehagane kan stenge i inntil 4 veker om sommaren for å avvikle ferie for**

# **GENERELLE VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I BREMANGER KOMMUNE**

## **Vedtekne i Bremanger kommunestyre 22.06.2023**

---

born og personale.

- § 5-2 **Ferie.** I løpet av barnehageåret skal alle barn ha 4 veker ferie. Minst 3 av vekene skal takast samanhengande fra skuleslutt og fram til 14. august. Den siste veka skal også takast ut som fem samanhengande vyrkedagar (eit døme kan vere onsdag til tysdag) i løpet av barnehageåret, eller i ein kombinasjon av vyrkedagane i jul- og påskeveka. Barn med særlege behov kan etter søknad få ta ut den fjerde veka fleksibelt. Den siste ferieveka skal avtalast i god tid og seinast fire veker før den vert tatt ut.

Dersom barnet skal ha meir enn 4 veker fri, er det høve til å søkje betalingsfri sommarpermisjon fra skuleslutt og fram til 14. august. Fastsettjing av ferie og permisjon må avtalast med den einskilde barnehage i god tid og innan 1.mai.

- §5-3 **Planleggings-/kursdagar.** I løpet av barnehageåret har barnehagane 5 planleggingsdagar (jf. barnehageruta og hovudtariffavtalen). Desse dagane er barnehagane stengde.

- §5-4 Barnehagane er stengde jule- og nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag.

## **Kapittel 6. Tilbod**

- § 6-1 Barnehagane har følgjande tilbod:

100% 5 dagar i veka  
80% 4 dagar i veka  
60% 3 dagar i veka

- § 6-2 Opningstidene kan variere mellom barnehagane. Det er opp til driftssjef å organisere dagane i barnehagen. Oppholdstida er det same som opningstida.

- § 6-3 Utvida/endra tilbod kan avtalast for einskilde barn som kriseløysingar i avgrensa periodar. Slike kriser kan til dømes vere alvorleg sjukdom/dødsfall i familien til barnet eller andre uventa vanskar. Ein nyttaar her individuell vurdering.

- § 6-4 Dei ulike barnehagane i kommunen har desse opningstidene (pr. 01.08.2023):\*

Barnehage:	Opningstid:
Svelgen	06.45 – 15.45
Langeneset	06.45 – 15.45
Stasjonen	07.00 – 16.30
Kalvåg	07.00 – 16.00
Davik/Kolset	07.15 – 16.15
Ålfoten	07.30 – 16.00

\*Det kan gjerast justeringar av opningstida etter lokale behov i samråd med foreldra, dersom det er innanfor gjeldande bemanning.

## **Kapittel 7. Opptak**

- § 7-1 Det er hovudopptak ein gong i året. Søknadsfrist er 1. mars. Kunngjering skjer på Bremanger kommune si heimeside og i lokalpressa.

Opptak skjer innanfor fastsett utnyttingsgrad og bemanningsplan. Etter hovudopptaket frå 15. august kan nye opptak bli gjort med verknad frå 1. januar og 1. mars.

Ved flytting internt eller til kommunen skal det som hovudregel gjerast unntak frå regelen.

# **GENERELLE VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I BREMANGER KOMMUNE**

## **Vedtekne i Bremanger kommunestyre 22.06.2023**

---

Alle barn som har fylt eitt år har innan utgangen av månaden dei fyller år, har rett til barnehageplass, med unntak av barn født etter 1. mai som må vente med oppstart til august.

For oppstart om hausten er søknadsfristen 1. mars, for oppstart våren er søknadsfristen 15. august.

**§ 7-2** Opptaket til barnehagen vert gjort av driftssjef.

**§ 7-3** Barnehagetilbodet i kommunen er for barn i alderen 1 – 6 år. Barn som etter søknad har fått utsett skulestart, vert rekna som barn i barnehagealder.

**§ 7-4** Søknad om plass eller utvida plass i barnehagen skal gjerast elektronisk på Bremanger kommune si heimeside: [www.bremanger.kommune.no](http://www.bremanger.kommune.no)

Oppseiing av plass skal gjerast skriftleg. Melding om delvis oppseiing av plass skal gjerast elektronisk.(sjå § 8-5)

Barn som får tildelt plass, er sikra plass til barnet tek til å skulen eller plassen vert oppsagt. Varig plass gjeld i praksis berre den plassen som ein har inngått avtale for. Dersom ein ynskjer å utvide plassen, må ein søkje ekstra for dei dagane det gjeld.

**§ 7-5 Fripass:** Det vert ikkje gjeve fripassar i barnehagane.

**§ 7-6 Prioritet ved opptak**

Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal gjerast ei sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne.

Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstjenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage.

**§ 7-7** Søkjarar som får tildelt plass, må skriftleg stadfeste at dei tek imot plassen. Dersom slik svar ikkje er motteke innan fristen, og det ikkje ligg føre sakleg grunn for å overskride fristen, vil søkeren miste den tildelte plassen.

**§ 7-8 Klage.** Klage på opptak skal sendast via driftssjef i barnehagen til kommunedirektøren for endeleg klagehandsaming.

## **Kapittel 8. Foreldrebetaling og oppseiing.**

**§ 8-1** Foreldre/føresette betaler for 11 månader i året, der juli er betalingsfri. Foreldrebetalinga vert sett til ein fast sum pr. månad på bakgrunn av nasjonalt vedteken maksimalpris, oppholdstid, søskenmoderasjon og/eller andre moderasjonsordningar (informasjon om desse på heimesida til Bremanger kommune)

Det er høve til å kjøpe ekstra dagar dersom barnehagen har kapasitet til det.

**§ 8-2 Reduksjon i foreldrebetaling**

Kommunen skal ha ei ordning som tilbyr fritak eller reduksjon i foreldrebetaling, slik at foreldrebetalinga for ein barnehageplass maksimalt skal utgjere 6 prosent av hushaldet si samla personinntekt og skattepliktige kapitalinntekt. Oppover avgrensa til maksimalgrensen for foreldrebetaling. For andre, tredje og fleire barn vert foreldrebetalinga sett i tråd med bestemmingar om søskenmoderasjon (sjå § 8-3). Det vert søkt om reduksjon i foreldrebetalinga for eitt barnehageår av gangen.

Kommunen skal gje fritak for foreldrebetaling for 20 timer per veke til alle barn frå og med 1.

# GENERELLE VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I BREMANGER KOMMUNE

## Vedtekne i Bremanger kommunestyre 22.06.2023

---

august i det kalenderåret dei fyller to år og fram til skulestart, dersom:

- a. husholdet si samla inntekt i det siste året er lågare enn inntektsgrensa fastsett av Stortinget, eller,
- b. det er ein varig nedgang i hushaldet si inntekt i inneverande år som gjer at hushaldet si inntekt er lågare enn inntektsgrensa fastsett av Stortinget.

Tilsvarande gjeld for barn med utsett skulestart.

For begge ordningane skal søknad, vedlagt siste års skattemelding (sjølvmelding), eller anna dokumentasjon som viser hushaldet si samla skattepliktige kapital- og personinntekt, sendast via foreldreportalen i Vigilo.

§ 8-3 **Søskenmoderasjon.** Det er 30 % søskenmoderasjon for barn nummer to og 50 % for dei påfølgjande sysken. Moderasjonen gjeld sjølv om barna er i ulike barnehagar.

§ 8-4 Betaling skal skje innan fastsett betalingsfrist.

§ 8-5 Dersom føresette hentar barna etter barnehageslutt/avtalt tid, skal dei føresette, etter driftssjef si vurdering og pålegg, betale kr. 250,- for kvar påbyrja time.

§ 8-6 **Oppseiing.** Barnehageplass kan seiast opp frå den 1. i kvar månad med minst ein månads oppseiingstid.

§ 8-7 For søknad om auke eller reduksjon av tilbod i barnehagen i løpet av barnehageåret, gjeld dei same reglane som ved oppseiing.

## Kapittel 9. Helse m.m.

§ 9-1 Før barn byrjar i barnehage, skal det leggast fram fråsegn om barnet si helse. Dersom barnet har møtt til dei ordinære undersøkingane på helsestasjonen, kan slik fråsegn gjevast av barnet sine føresette (Jf. barnehagelova § 23).

§ 9-2 **Forsikring.** Alle barn i barnehagen er skadeforsikra.

§ 9-3 **Teieplikt.** Dei generelle reglane om teieplikt gjeld etter forvaltningslova §13 og § 20 i barnehagelova.

§ 9-4 **Opplysningsplikt til sosialtenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta**  
Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til sosialtenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta. Opplysningane kan berre gjevast etter samtykke frå klienten (jf. barnehagelova § 21).

### § 9-5 **Opplysningsplikt til barnevernstenesta**

Utan hinder av teieplikta skal barnehagepersonalet av eige tiltak gje opplysningar til barnevernstenesta, når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller det ligg føre andre former for omsorgssvikt, jf. lov om barnevernstenester §§ 4-10, 4-11 og 4-12, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åferdsvanskar, jf. same lov § 4-24.

§ 9-6 **Krav om politiattest.** Den som skal arbeide i barnehage skal legge fram tilfredsstillande attest. Attesten skal ikkje vere eldre enn 3 månader.

Med den som skal arbeide i barnehage meiner vi alt barnehagepersonale som har ulike arbeidsoppgåver i barnehagen, personar som har langvarige vikariat, vikarar knytt til ei meir etablert vikarordning og sivilarbeidrarar.

# **GENERELLE VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I BREMANGER KOMMUNE**

## **Vedtekne i Bremanger kommunestyre 22.06.2023**

---

### **§ 9-7 Aktivitetsplikt for alle tilsette. Barnehagelova kap. 8 – Psykososialt barnehagemiljø.**

Barnehagen skal ha nulltoleranse mot krenkingar som uteslenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Det er aktivitetsplikt for alle tilsette, der tilsette i barnehagen har ei plikt til å følgje opp, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn målretta tiltak.

### **Kapittel 10. Personale og areal**

§ 10-1 Personale skal minimum vere i samsvar med barnehagelova og forskrifter til denne. Driftssjef er ansvarleg for den daglege drifta, samstundes som driftssjef er arbeidsleiar for dei tilsette.

§ 10-2 **Areal:** Leike- og oppholdsareal pr. barn skal vere minst 4 m<sup>2</sup> inne og minst dobbelt så stort ute. Uteleikeplassen skal vere spesielt tilrettelagt for dei ulike aldersgruppene i barnehagane. For barn under 3 år er leike- og oppholdsarealet pr. barn 5,4 m<sup>2</sup> inne.

Med leike- og oppholdsareal meiner ein det areal som faktisk står til rådvelde for barna.

### **Kapittel 11. Internkontroll**

Dei kommunale barnehagane skal ha eigenkontroll i samsvar med kommunedirektøren sitt eigenkontrollsysteem.

### **Kapittel 12. Endringar**

§ 12-1 Endringar vert gjort av kommunestyret. Revisjon skjer kvart andre år eller dersom der kjem endringar i barnehagelova eller anna relevant lovverk.